Såg gode resultat av hjelpepr

Elisabeth Kallevik Nesheim mottok gåve som leiar av utvalet, og øvde på å bære skåler på hovudet.

Stort behov for nye bruer. I regntida er det uframkommeleg over her, knapt nok til å gå på i tørketida der den var tolv meter over bakken! Ungdommane i den norske delegasjonen fekk god kontakt med barna. FOTO: PRIVAT

I tidsrommet 12. – 23. februar var vi eit reiselag på fem personar som drog til Kamerun for å evaluere prosjekta som U-landsprosjektet til samvirkeorganisasjonane i Rogaland støttar i Kamerun. Frå våre bygder var Elisabeth Kallevik Nesheim og Johannes Nedrelid med. I tillegg var to ungdomar frå 4H, Kristine Nærland og Mathilde Nærland, og Terje Øen frå TINE med som reiseleiar. Det blei ein kjekk og inspirerande tur, der det var flott å sjå alt som var skjedd i desse områda. Særleg Johannes merka det godt då han jobba i området for 30 år sidan.

I dag er hovudprosjekta i ein by som heiter Sambolabo. I tillegg utvidar ein til omliggande landsbyar. For 30 år sidan var dette eit svært tilbakeståande og til dels isolert område, særleg mot slutten av regntida då elvar var vanskelege å passere med bil, og vegane var svært dårlege.

TRYGGE VEGAR

I prosjektet som vi skulle evaluere, så har dei mellom anna satsa på å bygge bruer, slik at der blir heilårsvegar. Vi var innom mange av dei bruene som var bygde. Det var flott å høyre vitnemåla frå leiarane i landsbyane, som kunne fortelje at no hadde dei trygge vegar heile året. Dermed kunne dei få frakta alvorleg sjuke til sjukehuset raskt. Dei slapp å vente på at vassstanden i elva skulle minke. Dei kunne også dyrke mange fleire og nye produkt for dei visste at dei fekk selt det som dei dyrka. Der kom bilar fram til landsbyane heile året. Det å få større avlingar førte også til meir pengar, som igjen gjorde det mulig å sende borna på skule.

Vi såg ein annan positiv side òg. Når prosjektet bygde bruer og vegane var framkomelege, så kom også myndigheitene inn og heldt vedlike vegane, ved å skrapa dei i tørketida. Så på denne vegen mellom Banyo, fylkeshovudstaden og Sambolabo var det no dagleg bussforbindelse, og vi møtte på fleire bilar og motorsyklar no enn før. For 30 år sidan var det sjeldan å møte ein bil, sjølv i tørketida. Vi oppdaga også velviljen hos dei lokale styresmaktene der dei såg all hjelp som dei som budde i landsbyane fekk tilført.

Ei anna side ved prosjektet var å bygge brønnar rundt om i landsbyane. Der var stor mangel på reint vatn og dei enkle brønnane vart fort tørre i tørketida. For Johannes blei dette godt synleggjort. Til 60-årsdagen bad han om pengar til brønnprosjektet, og det som venner gav vart til ein brønn. Vi besøkte landsbyen der brønnen låg, og då var det einaste brønnen i landsbyen med reint vatn. Vi såg også alternativet som var elva. Der var det vi vil kalle godt skitvatn. Så lenge der var reint vatn, var det ein god garanti for at babyar og småborn kunne vekse opp og der ikkje blei så mange av dei som døydde. Brønnprosjektet er såleis viktig for folkehelsa til desse som bur i landsbyane.

EIGE INITIATIV

Det som er felles for arbeidet både med bruer og brønnar er at det er landsbyen sjølv som må ta initiativet. Dei må samle nok stein og sand, og så kjem kommunen inn og transporterer før prosjektet kjem inn med si hjelp. På den måten får dei eit godt eigarskap til det som blir bygd.

Eit tredje område var arbeidet mellom kvinnene og arbeidet med å opprette sparegrupper der dei kunne spare til reiskapar og andre ting dei hadde bruk for til huset, eller å ha pengar til å sende born på skule. Her hadde dei organisert seg på gode måtar, og hadde fått ein heilt ny status i landsbyane i desse områda der islam er den rådande religionen. Dei hadde også muligheiter til å få mikrokreditt for å starte med småbedrifter, og det var flott å sjå korleis ting blomstra opp. I ein landsby hadde dei fått i gang eiga mølle, og i ein annan landsby var der ein som hadde starta med bikuber og fekk gode inntekter av dette. Vi møtte mange av desse gruppene og der det var yngre kvinner og menn med fortalde også Kristine og Mathilde om dette arbeidet som dei dreiv i 4 H.

Det var flott å sjå alt det gode som var skjedd i dette området, der særleg Johannes var imponert over utviklinga som var skjedd i løpet av dei siste 30 åra. Det fine med dette prosjektet er i tillegg at det er kamerunesarane sjølve som er leiarar. Vi har to fine medarbeidarar i den lutherske kyrkja som driv arbeidet. Prosjekta er god utviklingshjelp for desse byane.

FAST I GJØRMA

I tillegg til å evaluere prosjektet så fekk vi oppleve mange andre spennande ting på kjøpet. På søndagen så vitja vi kyrkjelyden i Banyo der Johannes var prest for over 30 år sidan og han deltok i gudstenesta. Det var kjekt å treffe gamle vener som framleis var der. Vi var også på besøk i eit anna område, i Gadjiwan, der Johannes også hadde presteteneste. Her var første staden der prosjektet i si noverande form starta opp på 1990- talet.

Vi køyrde store delar av turen og der fekk vi spennande opplevingar. I februar er det vanlegvis tørt i Nord-Kamerun, men den morgonen vi skulle reise vidare frå Sambolabo så kom det ei «heavy» regnbyge med påfølgande såpeglatte vegar. Det blei vanskeleg når vi skulle gjennom nokre elvar og opp litt bratte bakkar på sidene av elva. Vi køyrde oss fast og måtte grave bort gjørme, finne steinar, finne sand å legge på verste plassane.